



Til hjelpeverjer og verjer i Møre og Romsdal

Invitasjon til informasjonsmøte for hjelpeverjer og verjer

Verjemålsreforma vert gjeldande frå 1. juli 2013. Verjemålsreforma inneber at fylkesmannen skal ta over oppgåvene som overformynderia per dags dato forvaltar. For at reforma skal bli mest mogleg vellykka så er vi avhengig av dykkar jobb som hjelpeverjer og verjer. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil med grunnlag i dette halde informasjonsmøte for hjelpeverjer og verjer rundt om i fylket i mai og juni.

Fylkesmannen håpar at du kan ta deg tid til å delta på eit av informasjonsmøta. Du kan sjølv bestemme når og kor du vil delta ut frå oppsette tidspunkt nedanfor:

Ålesund - Rica Parken Hotel	13. mai 2013	17:30 – 20:30
Ulsteinvik – Quality Hotel Ulstein	14. mai 2013	12:00 – 15:00
Ulsteinvik – Quality Hotel Ulstein	14. mai 2013	17:30 – 20:30
Ålesund - Rica Parken Hotel	15. mai 2013	12:00 – 15:00
Ålesund - Rica Parken Hotel	15. mai 2013	17:30 – 20:30
Molde – Quality Hotel Alexandra	23. mai 2013	12:00 – 15:00
Molde – Quality Hotel Alexandra	23. mai 2013	17:30 – 20:30
Kristiansund – Rica Hotel Kristiansund	28. mai 2013	12:00 – 15:00
Kristiansund - Rica Hotel Kristiansund	28. mai 2013	17:30 – 20:30
Surnadal – Vårsøg Hotell	30. mai 2013	12:00 – 15:00
Surnadal – Vårsøg Hotell	30. mai 2013	17:30 – 20:30
Smøla - kommunehuset	4. juni 2013	12:00 – 15:00
Rauma – Grand Hotel Bellevue	6. juni 2013	17:30 – 20:30

Møtet vil vare i ca. 3 timar med innlagt pause og enkel servering.

Målet med møta er å sikre at verjene er i stand til å gjere ein best mogleg jobb for dei som er avhengig av å ha verje. Fylkesmannen vil informere om dei viktigaste endringane i verjemålslovgivinga, om regelen rundt føring og innlevering av rekneskap og dei organisatoriske endringane som lova fører til.

Påmelding

Eg ber om at du melder deg på det møtet du ønskjer å delta på. Påmelding gjerast via våre nettsider, www.fylkesmannen.no (kurs og konferansekalender på Møre og Romsdal sine nettsider). Dersom du ikkje har tilgang på internett kan du ta kontakt med oss per telefon så skal vi hjelpe deg med påmelding. Du kan da ta kontakt med Janne Woie, 71 25 84 38 eller Ann Lilly Inderhaug Orvik, 71 25 85 35. **Frist for påmelding er 6. mai 2013.**

Du har motteke dette brevet i det du står oppført som verje for ein eller fleire verjetrengande i vårt fylke. Dersom du ikkje bur i Møre og Romsdal, og ønskjer informasjon om verjemålsreforma nærmare der du bur, kan du kontakte fylkesmannen, så skal vi hjelpe deg å finne tidspunkta for opplæring i andre fylker.

Med helsing

Lodve Solholm

Janne Woie

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.